

Konsekvenser av uriktig klassifisering av oppdragstakere/arbeidstakere i kultursektoren

Creo er Norges største fagforbund og interesseorganisasjon for yrkesutøvere og studenter innen kunst- og kulturfeltet. Arbeidslivspolitikken er viktig for Creos medlemmer. Spesielt for alle våre selvstendig næringsdrivende medlemmer. Mange kunstnere og kulturarbeidere opplever i dag at de ikke får arbeidsoppdrag uten å måtte ta dem i egen næring. I mange av disse situasjonene er dette snakk om «*uekte*» og *påtvungne næringsoppdrag*. Hvis man krever å være lønnsinntaker/ansettes risikerer man at oppdraget gis til en annen. Konsekvensen av å være ufrivillig og ulovlig oppdragstaker er at man mister sosiale rettigheter, står uten yrkesskadeforsikring og at arbeidsmiljøloven og fremforhandlede tariff- og normalavtaler ikke gjelder. Creo er derfor svært glade for presiseringene i arbeidsmiljøloven, og den nye presumpsjonsregelen, som trer i kraft i januar 2024.

Utdrag fra Meld. St. 22 (2022–2023) - «Kunstnarkår»

Arbeidstakaromgrepet

Arbeidslivspolitikken til regjeringa skal òg kome kunstnarar til gode. Somme kunstnarar har oppdrag frå éin oppdragsgjevar som er av eit slikt omfang at dei i realiteten opptrer som arbeidstakarar, utan at dei får nytte av dei rettane som følgjer med ei tilsetjing. For regjeringa er det viktig å styrkje rettane til arbeidstakarane i eit arbeidsliv i endring. Arbeidsmiljølova er ein berebjelke i den norske modellen, og lova må forsterkast og fornyast for å møte utviklinga i arbeidslivet.

Fougner-utvalet leverte i 2021 NOU-en Den norske modellen og fremtidens arbeidsliv (NOU 2021: 9). Dei peikte på at det i nokre tilfelle kan vere vanskeleg å avgjere om ein person er å rekne som arbeidstakar eller oppdragstakar sett opp mot arbeidsmiljølova, og føreslo difor ei tydeleggjering og presisering av gjeldande rett. Regjeringa har følgd opp forslaget frå Fougner-utvalet og har i Prop. 14 L (2022–2023) føreslått ei presisering av arbeidstakaromgrepet i arbeidsmiljølova § 1-8 og ein presumpsjonsregel om at arbeidstakarstatus skal leggjast til grunn med mindre oppdragsgjevaren gjer det svært sannsynleg at det ligg føre eit sjølvstendig oppdragsforhold. **Forslaget vart endeleg vedteke av Stortinget 21. mars 2023, og arbeidstakardefinisjonen vil verte justert i tråd med forslaget med verknad frå 1. januar 2024.**

Lovforslaget frå regjeringa endrar ikkje innhaldet i definisjonen av arbeidstakaromgrepet, men har som mål å gjere det enklare for personar å avklare om dei er arbeidstakarar eller ikkje. Presiseringa og presumpsjonsregelen vil i praksis kunne medføre at dei som er i ei gråson mellom arbeidstakar og oppdragstakar, og som reelt sett er å rekne som arbeidstakar, også vert klassifiserte som dette. Om det ligg føre eit arbeidstakarforhold eller ikkje, må vurderast konkret i kvart enkelt tilfelle. **Det er arbeidsgjevaren eller oppdragsgjevaren som har ansvaret for å velje rett tilknytingsform.** I samband med behandlinga av Prop. 14 L (2022–2023) vedtok eit fleirtal i Stortinget følgjande merknad: «det er avgjørende at det utarbeides en god veileder for frivillige organisasjoner [...]». Regjeringa vil kome attende til dette på eigna måte.

Lovendringane er meinte å tydeleggjere arbeidstakaromgrepet i arbeidsmiljølova, slik at det vert enklare å forstå for både arbeidstakar og arbeidsgjevar. Det inneber at kunstnarar som har eit arbeidstakarliknande forhold til ein oppdragsgjevar, enklare kan utfordre statusen sin og nå fram med krava sine. **Lovendringane skal sørge for at dei som reelt sett er arbeidstakarar, vert klassifiserte som dette og får det vernet dei har krav på, inkludert feriepengar.** Endringane vil òg omfatte kunstnarar, slik at dei som vert rekna for å vere arbeidstakarar etter arbeidsmiljølova, også vil kunne få tilgang til dei sosiale rettane som følgjer av denne tilknytninga til arbeidslivet. Regjeringsforslaget om endringar i arbeidsmiljølova vil difor vere svært viktig for dei det gjeld. Samtidig vil hovuddelen av kunstnarane som utgangspunkt framleis vere frilansarar og sjølvstendig næringsdrivande. Rammevilkåra deira står difor sentralt i arbeidet regjeringa gjer for å utvikle kunstnarpolitikken, og vert omtalte vidare nedanfor og i neste kapittel.

Musikar vart definert som arbeidstakar

Ein muskar i Tromsø hadde over ein tiårsperiode eit oppdragsforhold til Tromsøysund sokn som innebar mellom 95 og 168 konsertar årleg. Musikaren, som i fleire år hadde hatt oppdragskontraktar med ein meinigheit i Den norske kyrkja, meinte at han reelt sett var arbeidstakar, og kravde fast tilsetjing. Då Tromsøysund sokn ikkje var samd, stemna fagforbundet Creo dei på vegner av musikaren. I dom frå Nord-Troms og Senja tingrett, TNTS-2021-81650, fekk musikaren medhald i fleire krav, mellom anna i at oppdragsavtalane mellom han sjølv og meinigheita var eit ulovleg tilknytingsforhold. **Retten kom einstemmig til at musikaren var fast tilsett i 42,3 prosent stilling ved Tromsøysund sokn.**

I rettsavgjerda står det at «som en konsekvens av at musikeren har vært feilklassifisert som oppdragstaker, har han krav på å få etterbetalt lønn for de siste tre årene regnet fra tidspunktet for stevningen, det vil si differansen mellom honoraret han har mottatt fra menigheten og korrekt lønn i fast stilling, med tillegg av feriepenger og forsinkelsesrenter. Han har videre krav på å få etterbetalt feriepenger fra og med tiltredelsestidspunktet. [...] han har også krav på etterinnmelding i Tromsøysund menighets tjenestepensjonsordning fra og med tiltredelsestidspunktet. For de to sistnevnte kravene bes det om fastsettelsesdom.» Vidare ser retten det slik at sjølv om muskarar står nokolunde fritt i den kunstnarlege verksemda si, har ikkje det noko nemneverdig å seie for vurderinga av statusen deira som arbeids- eller oppdragstakarar.

Tromsøysund sokn anka domen. I dom frå Hålogaland lagmannsrett, LH-2022-44364, går det fram at lagmannsretten la til grunn at musikaren var fast tilsett i ei 63 prosents stilling. Lagmannsretten la vidare til grunn at han hadde krav på etterinnmelding i tenestepensjonsordninga til soknet frå 1. januar 2013. Musikaren fekk òg medhald i eit krav om etterbetaling av løn, og han vart tilkjend 100 000 kroner i oppreisningserstatning. Tromsøysund sokn anka domen til Høgsterett. Ankeutvalet i Høgsterett vedtok at spørsmålet om etterinnmelding i tenestepensjonsordninga til Tromsøysund sokn skal fremjast til behandling i Høgsterett, men avviste behandling av andre spørsmål, HR-2023-383-U.

[Boks slutt]

Betydning for kulturfeltet generelt

Den vedtatte lovendringen, samt Lagmannsrettens dom i musiker-saken, vil etter Creos syn kunne medføre store konsekvenser for hvordan kulturbransjen tilknytter seg arbeidskraft i fremtiden. Det er en svært vanlig praksis i denne sektoren å engasjere oppdragstagerer for å utføre løpende arbeidsoppgaver. Eksempler på dette er musikere med jevnlige og faste oppdrag for en oppdragsgiver, teknikere og arrangementsansvarlige ved private konsertscener, skuespillere og dansere ved teatre, *utøvere og andre på turne med den kulturelle skolesekken* og dirigenter og instruktører for kor og korps. Creo mottar flere og

flere henvendelser fra medlemmer som stiller spørsmål ved om de er riktig klassifisert som oppdragstaker. Som oftest er svaret at de skulle ha vært arbeidstakere.

Det er viktig å presisere at det fortsatt er, og skal være adgang til å benytte seg av oppdragstakere i kultursektoren, forutsatt at de faktisk skal anses som oppdragstakere etter en helhetsvurdering basert på kriteriene oppstilt i lovens forarbeider, rettspraksis og, fra og med 2024, direkte i arbeidsmiljøloven. Den nye presumsjonsregelen kan også innebære at flere oppdragstakere skal klassifiseres som arbeidstaker, som igjen medfører en større risiko for oppdragsgivere å bli ansett som arbeidsgiver.

En konkret konsekvens av dette vil være at det også er mange oppdragsgivere som risikerer å motta store økonomiske krav basert på tidligere, og om de ikke rydder opp, fremtidig feilaktig klassifisering av arbeidstakere. Musiker-saken bekrefter nettopp dette, hvor de økonomiske kravene, sammen med saksomkostningene utgjorde flere millioner kroner. Creo fremmet i dette tilfellet krav for én musiker, men saken omhandler ytterligere 11 andre musikere. Med etterbetalingskrav for én musiker i størrelsesordenen her skissert, vil de økonomiske kravene for samtlige tilknyttede musikere være svært betydelige. Etterbetaling av feriepenger utgjør som regel den største kostnaden, og sammen med eventuell etterbetaling av lønn og etter-innmelding i tjenstepensjonsordning, ser vi at det svært vanlig at etterbetalingskrav for en oppdragstaker som har vært feilklassifisert over en 10 års periode (som ofte er tilfelle) ligger på et sted mellom 350.000-500.000,- kr. I tillegg kommer saksomkostninger.

Vedr. Den kulturelle skolesekken spesielt

Utdrag fra «*En utredning bestående av en kartlegging av DKS og en evaluering av Kulturtanken*» - Oxford Research 2023;

Ifølge Kulturtankens årsrapport for 2021 fikk elever til sammen nesten 1,5 millioner unike kunst- og kulturmøter med opplevelser, refleksjon og læring gjennom DKS (Kulturtanken, 2021), fordelt på 3 734 kunst- og kulturproduksjoner. Det gjør DKS til Norges største arbeidsområde for kunstnere og kulturformidlere

Det er Creos vurdering at kunstnere som får oppdrag i Den kulturelle skolesekken i dag i all hovedsak er feilklassifisert. Omfanget av ordningen, slik Oxford Research beskriver den, viser tydelige konturer av en «*økonomisk bombe*» skulle de flere tusen kunstnerne som har hatt oppdrag i DKS fremme krav i forbindelse med uriktig klassifisering. Creo har over lengre tid påpekt dette overfor KS i forbindelse med krav om opprettelse av tariffavtale, men vi kan ikke se at KS har endret, eller vurdert å endre praksis. Det mener Creo er alvorlig.

På bakgrunn av lovendringer, og tydelige rettsavgjørelser, er det Creos sterke anbefaling til samtlige aktører i kulturbransjen å gjennomgå sine tilknytningsformer og rydde opp i eventuelle ulovlige forhold.

For Creo



Hans Ole Rian

Forbundsleder